



Saksframlegg

Arkivsak-dok. PLAN-21/00335-40
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Detaljreguleringsplan Furneset masseuttak

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av Plan- og bygningslova § 12 – 10/11 vedtek planutvalet å legge forslag til detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for Furneset masseuttak ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Det er Consilium AS v/Erik Stabell Ludvigsen som har utarbeidd plandokumenta på vegne av tiltakshavar Tomra Maskin AS. Grunneigar er i hovudsak Nikoline Stokkeland på Vestnesgarden, men også Statens vegvesen (E39) er berørt. Målet med reguleringsplanen er å sikre ei langsiktig forvaltning av forekomsten. Planområdet omfattar ca. 400 daa, medan sjølve masseuttaket omfattar knapt 200 daa og eit totalt uttak på vel 3 mill. m³. Omfanget utløyer automatisk krav om konsekvensutgreiing (KU).

Tomra Maskin AS starta i 1995 uttak av byggeråstoff i området ved Furnes ferjekai, etter løyve gitt av Vestnes bygningsråd. Varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av planprogrammet vart gjort i 2007 og planprogram godkjent av kommunestyret samme år. Planarbeidet stoppa deretter opp. 1.juli 2014 vart det gitt innspel ved rullering av kommuneplanens arealdel og eit areal blei sett av til råstoffutvinning i kommuneplanen. I 2019 vart så planarbeidet tatt opp igjen og i 2021 vart nytt planforslag lagt ut til offentleg ettersyn.

I denne høyringa gjorde Statsforvaltaren det klart at ein måtte varsle planarbeidet på nytt, sidan det var gått så lang tid sidan forrige oppstartsvarsle. Nytt oppstartsvarsle og forslag til planprogram vart så annonser i mars 2022 med frist for uttale 27.april. Innspela er vedlagt og desse er tekne omsyn til i nytt planprogram, som vart vedtatt i juni 2022. Det er no klart for å vurdere om nytt planforslag og KU kan leggast ut til nytt offentleg ettersyn.

Vurdering

Planforslaget er i samsvar med kommuneplanens arealdel og sikrar ein langsiktig forvaltning av samfunnsvyttige ressursar, i form av stabil tilgang til byggesråstoff. Uttaket ligg skjerma til for busetnaden langs Buktavegen. Storleiken på uttaket gjer også at aktiviteten på kvart nivå går over så lang tid at vegetasjon kan etablere seg i bakveggen før denne blir eksponert for innsyn. Uttaket omfattar i første fase 1,2 mill m³, som gir grunnlag for ca. 30 års drift. Ein andre fase vil gi ytterlegare 1,9 mill m³

Konsekvensutgreiinga, som er ein del av planomtalen, søker å få fram verknadene av drifta og dei avbøtande tiltaka for uønska konsekvensar. Det er lagt vekt på å vise vesentlege sider ved planen i ei balansert framstilling. I utgangspunktet var det planlagt eit vesentleg større uttak enn det som no er aktuelt. Konsekvensutgreiinga bygger på en del av det tidlige arbeidet.

Kommunedirektøren legg vekt på at planen ivaretok ei langsiktig forvaltning av samfunnsvyttige ressursar og at denne aktiviteten såleis er ein viktig del av næringslivet i Vestnes. Viser elles til plandokumenta med omtale og KU. Planutvalet må sjølv vurdere om det er aktuelt med synfaring enten i samband med denne saksbehandlinga eller seinare når høyringsspela er mottekte.

Vedlegg

Vedtak

Reguleringsplan Furnes masseuttak fråsegn frå Statsforvaltaren
planstartvarsel_annonse

Fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for reguleringsplan for Furnes mas
318789_1_1

Uttale til melding om igongsett reguleringsarbeid og høyring av planprogram for Detaljreguleringplan
Furneset masseuttak frå Kystverket

NVEs innspill - Varsel om planstart - Høring av forslag til planprogram - Detaljregulering for Furneset
masseuttak

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Furnes Massettak - Fråsegn til oppstart - frå
Møre og Romsdal fylkeskommune

Revidert §9 budsjett - arkeologisk registrering Furnes masseuttak 320512_1_1

Planprogram_Forsl_Rev

Vedtak

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid med forslag til planprogram - detaljregulering

Arealbruk2023_3-3D Metric Design-000

ForslagReguleringsbestemmelser_2023

PlanBeskrivelse_Konsekvensutredning_2023_2

Vedlegg_1_Varslingsliste

Vedlegg_2_Støy

Vedlegg_3_Naturmiljø_2007

Vedlegg_4_Naturmiljø_2022_23

Vedlegg_5_Risiko- og sårbarhetsanalyse_

Særutskrift:

Etter adresseliste